



Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Per Kristian Austbø, 51 56 89 10

Uttale til høyring administrative sanksjonar - endringar vassressurslov, vassdragsreguleringslov, energilov, havenergilov, elsertifikatlov

Vi syner til departementet sitt høyringsbrev med vedlegg av 13.01.2020, om administrative sanksjonar med endringar i vassressurslova, vassdragsreguleringslova, energilova, havenergilova, og elsertifikatlova. Høyringsfristen er sett til 25.02.2020.

Innleiingsvis har vi generelle merknader. Deretter konsentrerer vi oss om spesifikke endringsframlegg knytt til vassressurslova.

Generelt om hovudendringane i framlegget:

Vi ser positivt på samordningane av heimlane for sanksjonar og reaksjonar for dei aktuelle lovane; mellom anna heimel til inndraging av ulovleg utbytte, og gebyr for brot på føresegner (som i dag).

Vi er samde i framlegget om heimel til å sette faste satsar for gebyr for nokre brot på reglar. Dette vil gi meir effektiv sakshandsaming og vere i tråd med prinsippet om likehandsaming. Samstundes er det viktig å oppretthalde høve til å kunne pålegge individuelt fastsette gebyr ved store konsekvensar eller gjentekne brot. Dette vil ikkje minst kunne avgrense eventuelle tiltakshavarar som ser seg tente med å betale standard gebyr framfor å gjennomføre pålegg eller tiltak etter gjeldande regelverk.

Departementet foreslår at det i særlovane blir fastsett ein heimel til å fastsette forskrift om øvre ramme for individuelt gebyr etter brot. Fylkesmannen støtter dette, da det er enklare å endre ei forskrift enn særlov, i tilfelle det viser seg å være naudsynt å endre satsane.

Merknader til spesifikke endringar i vassressurslova

Vi ser det som klart positivt at det vert foreslått ein heimel i vassressurslova som mogleggjer tilbaketrekking av konsesjon, jf. § 28

Vidare ber vi departementet vurdere om følgjande suppleringsar bør inn i lista for § 60a, om lovbrot som kan sanksjonerast med gebyr for brot:



- Vassressurslova § 12 andre ledd: «*Gjenoppretting etter første ledd som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser, skal meldes til vassdragsmyndigheten*». Her opplever vi mange saker og høgst ulik praksis, både med varsling til myndighet, og ikkje minst korleis «gjenoppretting» skjer i høve allmenne interesser. Problemstillinga aukar i takt me aukande flomproblematikk. «Gjenoppretting» utan nærmare avklaring kan ha øydeleggande følger for mellom anna trua naturtypar og artar knytt til kantsonane, i tillegg til vassføring og erosjon nedstraums.
- Vassressurslova § 35 – *andre vassdragstiltak i vernede vassdrag*. Her er det fleire særreglar under § 35 som bør vurderast innlemma i lista for § 60a. I første rekke gjeld dette særreglane 1, 2 og 3 (jf. vår merknad i avsnittet ovanfor). Vi minner om at konsesjonar kan vere gamle og såleis utdaterte i høve dagens allmenne interesser. Endringar eller omleggingar i drift av anlegg kan såleis i liten grad, eller ikkje i det heile, vere avklart gjennom slike konsesjonar, men like fullt vere klart i strid med vassdragsverdiar. Vi har døme på at slike saker er særskrevjande å handtere. Vassdragsmyndigheit kan i så måte gi pålegg etter § 37 - 2. ledd og §59 – 2. ledd, men manglande etterleving av pålegg bør kunne sanksjonerast med gebyr.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsljef

Dokumentet er elektronisk godkjent